

Referat frå møte med Vegvesenet og Naustdal kommune 14/3-2013.

Tid og stad: 14.03.2013 på Leikanger

Deltakarar:

Statens Vegvesen: Dina Lefdal og Paal Fosdal

Naustdal kommune: Håkon Myrvang, Steinar Kvame, Øyvind Bang Olsen og Arne Kringlen

Naustdal kommune gjekk gjennom ein presentasjon som peikar på dei trafikkale utfordringane i Naustdal sentrum og særskilt i høve til rv 5. Kommune sine vedtak, planar og strategiar vart lagt fram, mellom anna trafikktryggingsplan, bruprojektet og drøftingane med Førdepakken når det gjeld finansiering av tiltak i Naustdal. Situasjonen kring kryss, busshaldplass og undergang i nord ved gamlebrua og situasjonen ved kryss mellom Øyravegen og rv5 i sør med nyebrua fekk særskilt fokus. Naustdal presenterte også trafikkutgreiing som gjeld effektane av ei gangbru over Nausta og rv 5 mellom sentrum og byggefeltet i aust. Vegvesenet spurte om og fekk svar på spørsmål om framtidig utbyggingsstruktur, pendlarmønster og andre tilhøve kring utvikling av Naustdal sentrum.

Vegvesenet gjekk gjennom prosedyrar og saksgang for bompengeprojekt og korleis ein vurderer nytteprinsippet. Nytteprinsippet: « Dei som betalar skal ha nytte av tiltaket og dei som har nytte av tiltaket skal betale»

Generelt for bompengeprojekt gjeld at det må det vere lokal semje om å søkje og deretter må ein ha godkjenning frå fylkestinget. Vegvesenet bistår bompengeselskap/kommunar med å få på plass det faglege grunnlag for ein bompengesøknad, som vert sendt til vegdirektorat for kvalitetssikring. Deretter skal søknaden gjennom lokalpolitiske vedtak og vidare til vegdirektorat, samferdsledeprtemetet og til slutt stortinget for endeleg vedtak.

Vegvesenet presiserte at viss tiltak i Naustdal ikkje kjem med i Førdepakken, må tiltaka i Naustdal reknast som «strekningssvise tiltak». Innafor denne kategorien vert nytteprisnippet vurdert annleis enn i ein «bypakke» som Førdepakken.

Vegvesenet sa vidare at dei ville sjå nærmare på ulukkesstatistikken Naustdal og gjere ei konkret vurdering. Naustdal sender over aktuelle dokument som grunnlag for denne vurderinga.

Vegvesenet råda Naustdal til å halde fram med planarbeidet på brua og jobbe med finansieringsløysingar parallelt. Det ville også vere nyttig med ei forprosjekt for å sjå på løysingar kring krysset mellom Øyravegen og rv5 ved nyebrua.

Naustdal signaliserte at ein vil ha vidare dialog med Førde kommune om Førdepakken og vidare deltaking der.

Ref
Arne Kringlen